

informerer

Nr 1- 2005

Farlege symjehallar

Av [Andreas Bratland](#) i P2s Verdt å vite

Enkelte av våre gamle symjehallar kan være farlege. Auka badetemperatur, konstruksjonsfeil og sparsamt vedlikehald gjer at både tak og golv kan svikte.

Publisert 09.02.2005 14:05.



Illustrasjonsbilde (NRK)

På 60-talet blei symjing eit obligatorisk fag i grunnskulen. Og dermed måtte det byggjast symjehallar rundt om i heile landet.

Byggjestandaren for våtrom var ikkje på langt nær så streng på den tida, og no begynner det å vise seg kva vatn, damp, klor og høg temperatur kan utrette over lang tid, fortel seniorforskar ved SINTEF Arne Nesje.

- Viss du har eit betonggolv med armering som er gjennomrusta, er det risiko for at det kan kollapse. Heldigvis har vi ikkje så mange tilfelle av dette i Noreg, men i utlandet har vi eksempel på symjehallar som har brote fullstendig saman, seier Nesje.

Tilstanden forverra

Arne Nesje er byggt teknisk ekspert på våtrom og symjebasseng. Han har i løpet av dei siste åra sett på mange dei offentlege symjehallane og badeanlegga her i landet. Og tilstanden er ikkje slik det bør vere.

- Tilstanden har forverra seg dei seinare åra. Vi bygde svært mange symjehallar på 60- og 70-talet, og no begynner alderen å hente dei inn.

Nesje har gjennom ein del år inspisert 20-30 av dei meir enn 1.000 offentlege symje- og badeanlegga i Noreg.

Manglar membran

Eit av problema med dei gamle symjehallane, er at dei ikkje har ein ordentleg membran som klarer å hindre vatn frå å sige ned i golv og bjelkar.

- For 30-40 år sidan satsa dei på å byggje betong som var vasstett. I dag er desse konstruksjonane ofte ikkje heilt tette lenger. Og dersom betongen er armert, kan det begynne å ruste i jernet. Dette fører igjen til nye sprekkar og nye lekkasjar. Dermed har du ein negativ karusell, forklarar Nesje.

Også i taket i dei gamle symjehallane kan det vere eit fuktproblem.

- Ein symjehall har eit svært høgt fuktnivå og då er det viktig at taket har ein membran som hindrar fukta å trekkje inn i takkonstruksjonen. Dei fleste takkonstruksjonar har isolasjon, og når denne blir nedfukta, risikerer ein at plater begynner å falle ned.

Nesje har sett at ein del symjehallar manglar denne membranen. Og i tillegg er dei gamle ventilasjonsanlegga ikkje kraftige nok til å transportere ut fukta frå lufta.



Symjehall i forfall (Foto: Roar Strøm)

- Eg trur nok at dersom ein undersøkte dette nærare, ville ein finne mange tak som ikkje burde stå lenge utan å bli utbetra, seier Nesje.

Varmare badevatn

I tillegg er situasjonen blitt forverra ved at lufta inne i symjehallane er blitt endå hissigare til å skape rust.

- For 15-20 år sidan var vi nøgde med å bade i temperaturar på 23-24 grader. No har vi auka temperaturen, av og opp i over 30 grader. Då får vi ei mykje raskare nedbryting av f.eks. betongmateriale, og dermed ei raskare forvitring og nedbryting av heile konstruksjonen.

Så langt har det gått bra med dei gamle symjehallane, men Pirbadet i Trondheim fekk problem i taket mindre enn tre år etter at badeanlegget opna.

- Pirbadet er litt spesielt for der har vi ein kombinasjon av ferskvatn og saltvatn, og det er ganske korrosivt når ein har så høge temperaturar.



I Pirbadet blei det rust på opphengsbøylene til dei lyddempande platene i taket.(Foto: Scanpix/Gorm Kallestad)

Små ressursar til kontroll

Korleis er så kontrollen med dei gamle symjehallane?

- Eg trur vi skal vedgå at eigarane har små ressursar både til kontroll og utbetring. Det er først når ting begynner å bli riktig gale at dei aksjonerer. Så lenge ein ikkje ser noko, så later ein som om alt er såre vel, seier SINTEF-forskar Arne Nesje.